

Musklar og psyke gjer fråvær

SJUKERÅVÆR. Spente musklar og psykiske lidningar fremste årsak til sjukfråvær. Det viser Statens arbeidsmiljøinstitutt (STAM) faktabok om arbeidsmiljø og helse, som vart offentliggjort torsdag. Rapporten viser at muskel-

og skjelettplager og psykiske helseplager er den største helseutfordringa i Noreg både når det gjeld omfang og kostnader i form av redusert helse, sjukfråvær og uførløik. Seks av ti lege-melde sjukfråværsdagar kjem av desse diagnosane. ©NPK

FOTO: NTB SCANPIX




Vi et burgarar som aldri før

MAT. Trass i alt snakket om sunt kosthald: Nordmenn kjøper burgarar som aldri før, viser salstala til McDonald's i Noreg.

Den amerikanske burgarkjeda omsette for over 1,5 milliardar kroner i Noreg i fjor, ein auke på 5,6 prosent frå året før. Veksten

har vore på over 25 prosent sidan 2009, skriv Aftenposten. Veksten bryt med hovudbiletet i undersøkingane til Statens institutt for forbruksforskning (SIFO) som viser ein aukande skepsis til amerikanske klæder og usunn mat med mykje fett og salt. ©NPK

EKSSPORTSTØTTE



Ringverkrader: Fjerning av eksportstøtta, ei sjølvfinansierande ordning gjennom avgifter på meierivarer, kan gi ramme distrikt og nyinvesterte bønder hardest, ifølgje fagfolk. Ole Helle, som har nytt fjøs i Kvinesdal i Vest-Agder, fryktar følgjene av forslaget.

Eksportstopp kan gi mjølk

Fjerning av eksportstøtta for ost kan ramme 1500 mjølkbruk og få størst konsekvensar i distrikt, ifølgje forskar. Bondelaget håper forslaget blir stoppa.

Landbruks- og matminister Sylvi Listhaug (FrP) varslar at regjeringa i dag vil leggje fram eit forslag om å fjerne all eksportstøtte til landbruket innan utgangen av år 2019. Det vil særleg ramme eksporten av Jarlsberg-ost frå Tine. Samla kan resultatet bli at mjølkproduksjonen her i landet må redusert med nærare ti prosent.

Landbruksforskar Ivar Pettersen seier forslaget vil føre til at mjølkvotane må kuttast opp

institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF).

Spår 1500 nedlagde bruk

Sjølvs om mjølkvolumet som blir ramma tilsvarar produksjonen til rundt 800 gjennomsnittlege mjølkbruk, trur Pettersen at ei fjerning av eksportstøtta i praksis vil få enda større utslag.

– Det er veldig sannsynleg at det er dei minste bruka som legg ned. I praksis kan det bli langt fleire enn 1000 mjølkbruk som forsvinn. Det kan godt bli 1500, seier han.

Pettersen seier gjennomføringa kan skje ved at staten drar inn eller kjøper opp tre prosent av kvotane kvart år i tre år, noko som kan presse opp kvoteprisane.

– Vil ikkje det gjere det tøffare for bønder som vil utvide?

– Jau, kvoteprisane vil bli haldne oppe ved at etterspørselen etter kvote blir større. Det kan også utløyse raskare nedleggingstrakt, men det verkeleg dramatiske er om eksportstøtta blir kutta utan å redusere kvotane først, seier Pettersen.

Skorge: - Svært dramatisk

Generalsekretær Per Skorge i Norges Bondelag seier fjerning av eksportstøtta vil vere dramatisk.

– Dette er svært dramatisk. Forslaget vil ramme ein produksjon som tilsvarar kvart 11. mjølkbruk. Det vil gå kraftig ut over

norsk mjølkproduksjon, som er bereikelen i distriktslandbruket, seier Skorge.

Skorge viser til at volumet utgjer all mjølkproduksjon i Agder, Telemark, Buskerud, Vestfold og Akershus til saman. Han seier også at forslaget vil ramme distrikt hardest.

– Dei områda som får før er mest sårbar, er dei som vil bli hardest ramma. Det er distrikt med mange små og mellomstore bruk. Når kvotane må redusert, så går det òg særleg ut over dei som nyleg har investert i nye fjøs. Distrikt og bønder med nye fjøs og store lån blir hardest ramma, seier Skorge.

Han seier forslaget står i sterk kontrast til målet om auka mat-

Arbeidsløysa auka i Noreg

ARBEID. Arbeidsløysa auka med 0,3 prosentpoeng frå desember i fjor til mars i år og er 4,1 prosent, ifølgje sesongjusterte tal frå SSB.

Det kjem fram i Arbeidskraftundersøkinga, som vart lagt fram torsdag. Tallet på ledige

er 114.000. Mars-tala består av gjennomsnittet for perioden februar-april.

9.000 fleire vart arbeidsledige i perioden, opplyser Statistisk sentralbyrå (SSB). Veksten er både blant menn og kvinner, og blant unge og eldre. ©NPK

FOTO: NTB SCANPIX



Auka svenskehandelen i fjor

HANDEL. Nordmenn som reiste over grensa for svenskehandel, auka innkjøpa med over 500 millioner kroner i fjor samanlikna med 2013. Auken på 600 millio-

nar svenske kroner (547 millioner kroner etter kursen i dag) svarar til ein vekst på fire prosent, viser nye tal frå Svensk handel og HUI Research.

Samla handla nordmenn for 16,9 milliardar svenske kroner – 15,4 milliardar norske kroner – i Sverige i fjor. Den norske grensehandelen står for 3 prosent av den svenske detaljhandelen. ©NPK

Fakta


Eksportstøtta

★ **I prisutjamningsordninga (PU)** for mjølk, som er ei sjølv-finansierande ordning med avgifter på og tilskot til produksjon av ulike meierivarer, er det ein sats for tilskot til produksjon av ost som går til eksport.

★ **Osten til eksport** får 1,43 kr pr liter mjølk i PU-støtte, noko som er 97 øre meir pr liter enn ost som blir selt i Norge. Ost som går til industri i Norge får til samanlikning 1,18 kr pr liter mjølk. Ei av meierivarene det er avgift på er konsummjølk.

★ **I 2013** gjekk det 132 mill. kr i PU-støtte til merkevarereeksport av rett over 12.960 tonn ost, ifølgje Landbruksdepartementet.

★ **Osteeksporten, i hovudsak** Jarsberg, utgjer rundt 8-9 % av den totale norske mjølkproduksjonen.



Ifølgje Tine er osteeksporten på 11.689 tonn, der 90% er Jarsberg. Vel halvparten går til USA.

★ **Tine selte varer** for 2,4 mrd. kr til utlandet i 2014, noko som gav eit driftsoverskot på 30 mill. kr.



KONSEKVENSAR
«I praksis kan det bli langt fleire enn 1000 mjølkbruk som forsvinn. Det kan godt bli 1500.»

TJAR PETERSEN
FORSKAR PÅ NILF

Investert fem millionar kroner i

FOTO: BJARNE BEKKEHEIEN AASE

produksjon og landbruk over heile landet.

– Regjeringa og Stortinget har vore tydelege på at ein skal halandbruk i heile landet og føreseielege villkår. Forslaget krasjar fullstendig med det, seier Skorge, som anslår at ringverkadene òg kan bli opp mot 6000 tonn redusert produksjon av storfekjøtt og at opp mot 300.000 mål med jord kan gå ut av drift.

– Store delar av jorda vil i praksis gro igjen. Vi håper politikarane ser konsekvensane og stoppar forslaget, seier Skorge.

– **De har òg skrive under på å fjerne eksportstøtta?**

– Det er for å hindre negative effektar for matproduksjonen i uland. Eksporten av Jarsberg går til USA og andre vestlege land, og

rammar ikkje uland. Dessutan er det her snakk om eit einseitig tiltak, ikkje ein del av internasjonal forhandlingar. Det er ein stor forskjell, seier Skorge.

– VII slå hardt ut

Mjølkebonde Ole Helle i Kvinesdal i Vest-Agder bygde nytt fjøs for fem millionar med plass til 46 mjølkekyr og 96 store totalt. Risiko for reduserte mjølkelvotar og større nedleggingsstakt i distrikta liker han ikkje.

– Eg håper det ikkje blir noko av det forslaget. Det er logisk at det vil gå mest ut over distrikta, og for oss som har satsa og utvida vil reduksjon i mjølkelkvoten slå hardt ut økonomisk, seier Helle.

Han trur òg at storfekjøttpro-

duksjonen vil gå ned.

– Det eine dreg det andre med seg. Mange fjøs vil bli ståande tomme og då går det ikkje lenge før jorda er atterprod, seier han.

Eksportstøtta er ifølgje Bondelaget på 97 øre per liter mjølk som går til ost som blir selt i utlandet. I botn ligg eit tilskot på 47 øre per liter til all osteproduksjon. Tilskota kjem gjennom prisutjamningsordninga, som er ei avgift på andre meierivarer.

– Det er ei sjølvfinansierende ordning. Staten løvver ingen pengar til eksportstøtte, seier Skorge, som seier målet med forslaget derfor ikkje kan vere å spare pengar.

BJARNE BEKKEHEIEN AASE

bjarne.aase@nationen.no

Et kutt som måtte komme til slutt

Eksporttilskuddet til Jarsberg har vært folkefjende nummer én blant norske landbruksliberaliserings-

tilhengere i mange, mange år.

«Det er bedre å selge denne melka til utlandet enn å helle den ut.» sa daværende landbruksminister Lars Peder Brekk (Sp) til NRK i 2011, til forsvaret for eksportsubsidiene.

Ikke alle har vært enige. Tilskuddet er blitt ansett som en unødvendig luksus. Og sant å si er det ikke vanskelig å forstå hvorfor ordningen har pruttet for seg. Det gir riktig nok et lite bunadsøyeblikk å gå inn i en gourmetforretning i New York og se store hjul med Jarsberg som midtpunkt i en bygnende ostedisk. Men det kan virke rart at Norge bruker landbruksstøttemidler til, av alle ting, å skru ned ostepreisen i byer som er flupapir for verdens rikingar.

Santidig har eksportstøtten hatt en funksjon. For Tine som selskap har den bidratt til en posisjonering i strategiske verdensmarkeder som vi må kunne være litt stolte av. Norge støtter opp om fisk som eksportvare. At norsk landbruksbasert industri har dryppet en ørliten tå inn i konseptet landbruksprodukter som eksportvare, med et visst hell, må vi være fornøyd med.

Men Jarsberg-støtten har handlet om mer enn prøving og feiling med norsk ost i et verdensmarked. Først og fremst har støtten bidratt til å opprettholde norsk melkeproduksjon med en innlagt buffer. En trygg, forutsigbar måte å kanalisere overskudd av norsk melk ut i andre markeder, har hatt effekt.

Ordningen har gjort økonomien mer forutsigbar for den enkelte melkebonde. Det har i sin tur gjort at norsk melkeproduksjon som helhet er blitt litt bedre sikret mot tilfældige svingninger i det innenlandske markedet. Litt flere bønder har kunnet holde på litt lenger med litt større produksjon.

Et fritt marked har tendenser til å være en ellevill berg- og dalbane. Uten sikkerhetsbelte. Offentlige inngrep kan spenne



KOMMENTAR
Michael
Brøndbo

michael.brondbo@nationen.no

aktørene litt sikrere fast. De kan også gjøre selve turen til ferdselet på flatmark. Kjedeligere? Kanskje. Men vesentlig tryggere, for både aktører og publikum.

I dag legger regjeringen frem en stortingsmelding om globalisering og handel. Her foreslår regjeringen å kutte eksporttilskuddet. Ikke over natten, men rimelig raskt. Innen 2019 bør de 130 millionene som i dag årlig går til å støtte eksport av norsk ost til utlandet, være nede i null, sier landbruksminister Sylvi Listhaug (FrP) til NTB.

Det bør ikke komme som et sjokk. Tine har sett denne dagen i horisonten i mange år. Og i dette tilfellet er det sannsynlig at Listhaug har flere fall for sitt forslag. Brekk rettall. En ting er at Venstre er med. Det er i seg selv nok til å sikre regjeringen flertall. Men Ap har også vedtatt å fjerne norske eksportsubsidier, og til og med Senterpartiet har programfestet at partiet ønsker «at Norge skal arbeide internasjonalt for at alle former for eksportstønad og dumping av matvarer skal stanses».

Et bredt flertall vil altså i prinsippet avvile ordningen. Uenigheten gjelder hvor raskt det skal skje, og hva som eventuelt skal gjøres isteden. For å bidra til å bevare Jarsbergs markedsposisjon, vil det sannsynligvis være aktuelt å øke lisensproduksjonen i USA på amerikansk melk. Men det virkelige store spørsmålet er om regjeringen, eller i det minste stortingsflertallet, er beredt til å ta grep for å sikre forutsigbarheten til bondene som i praksis har vært avhengige av Jarsberg-pengene. Hva selve kuttet betyr, er strengt tatt ikke avklart før det er avklart.

Michael Brøndbo er kommentator i Nationen

e-ras i distrikta